

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet støttar konklusjonane og fylkesrådmannen sine vurderingar om endra stopp for båtruta Bergen-Selje-Bergen i Solund. Å endre anløpskai frå Krakhella til Hardbakke vil ha stor verdi for Solund kommune og for dei fleste reisande til og frå kommunen. Enkelte område vil få eit redusert tilbod, men gjeld små reisestraumar.

Endringa avheng av større investeringar i infrastruktur, og vert kopla til pågående arbeid med Regional transportplan for Vestland.

Fylkesutvalet har forståing for at Hyllestad kommune er uroa over at dette kan medføre eit forringje tilbod for deira innbyggjarar. Ein ber difor administrasjonen om å gå i dialog med Hyllestad og andre berørte kommunar for å drøfte konsekvensar og mogelege avbøtande tiltak.